

MKR-SAK 11/03: SAMARBEID I NORDEN – OPPFØLGING AV KM-VEDTAK**Saksbehandler:** **Generalsekretæren****Dokumenter:** Utdrag av KM-sak 10/02: DEN NORSKE KIRKE – KIRKE I EUROPA**Saksframlegg:**

Det nordiske økumeniske samarbeidet er ikke i ein krevjande fase. Det må tenkjast i nye baner. KM-vedtaket 2002 om utmelding av Nordisk Ekumenisk Råd (NER) byggjer på ei vurdering av NER som seier at dette organet i si noverande form ikkje tener til formålet å koordinere og drive nordisk økumenisk samarbeid. Den danske folkekyrkja og baptistane i Danmark har like etter vårt vedtak drege dei same konklusjonane. Av den grunn er det etterkvart erkjent at NER ikkje lenger er eit nordisk økumenisk råd, også mellom dei som ikkje deler Den norske kyrkja si vurdering av verdien av NER.

Mellomkyrkjeleg Råd må no leggje føringar for korleis vi frå Den norske kyrkja skal oppstre vidare. Det gjeld avviklinga av vårt medlemskap i NER og arbeidet med nye samarbeidsformer.

1. KM vedtok at vi går ut innan utgangen av 2003. Det tilseier at vi betalar kontingen i 2003, og at vi deltek på årsmøtet på Island i august. Vårt styremedlem i NER, biskop Per Oskar Kjølaas, har uttrykt at han finn det naturleg å delta i styremøta ut året for å vere ryddig i avviklingsprosessen. Styret må fatte vedtak om personell og økonomi som tek høgde for at NER har færre betalande medlemer etter 01.01.2004. Det er i vår interesse at NER blir lagt ned. Difor bør dei som deltek frå Den norske kyrkja i NER sine organ, støtte forslag om avvikling. Det må skje over to år, tidlegast i 2004. I og med at det er andre kyrkjer som vert ståande i NER, må dei fatte eventuelle endelege vedtak om nedlegging etter at vi er gått ut. Dersom NER ikkje vert nedlagt, har KM vedteke at Norges kristne råd tek hand om våre relasjonar til NER.
2. Nye drøftingar om nordisk samarbeid bør skje på brei basis, der så mange kyrkjer i Norden som råd er, vert involverte. Det kan ikkje vere berre dei som står att i NER som skal avgjere slikt. Ut frå tidlegare forslag frå m.a. sekretærane i dei nasjonale økumeniske råda i Norden, kan ein gå vidare med ein samarbeidsmodell som har følgjande komponentar:
 - a) Koordineringsansvaret vert lagd til eit nordisk møte for sekretærar som har ansvar for økumenisk arbeid i kyrkjene (om lag som det som no finn stad ein gong i året).

- b) Dei nettverka som fungerer og/eller har eit viktig formål, held fram, og vi deltek i dei frå Dnk si side.
- c) Eit mindre sekretariatsansvar vert lagd til dei økumeniske råda eller dei økumeniske sekretariata i Norden, med ei rotasjonsordning på t.d. 3 års intervall.

Framlegg til vedtak:

1. *Den norske kyrkja sine representantar deltek i NER sine organ ut 2003, og Dnk betalar kontingenut året.*
2. *Dnk sine representantar støttar framlegg til nedlegging av NER.*
3. *MKR bed sekretariatet arbeide saman med sine nordiske kollegaer for å finne ei felles ordning for framtidig økumenisk samarbeid i Norden.*
4. *Den norske kyrkja sine representantar i nordiske økumeniske nettverk blir bedne om å gi si vurdering av relevansen av det dei deltek i, sett i lys av KM sitt vedtak. MKR kjem attende til eventuell utmelding av lite formålstenlege nettverk.*

UTDRAG AV KM-SAK 10/02: DEN NORSKE KIRKE – KIRKE I EUROPA

Nordisk økumenisk samarbeid

Utvikling av nye samarbeidsformer. Samarbeid mellom kirkene i Norden er viktig. Det er en løpende utfordring å finne de samarbeidsformene som til enhver tid best møter kirkenes felles behov. For å styrke samarbeidet i Norden mener komiteen at det er nødvendig å utvikle nye samarbeidsformer basert på nettverkskontakt som holder fokus på de sakene som kirkene ønsker å samarbeide om. Vi tror ikke Nordisk økumenisk råd (NØR) lenger er et tjenlig organ for å fornye eller opprettholde det økumeniske samarbeidet i Norden.

Mye samarbeid mellom kirkene i Norden skjer utenom NØRs strukturer. Dette gjelder for eksempel koordinering av de nordiske kirkenes samarbeid i organisasjoner som Kirkenes Verdensråd og Konferansen av europeiske kirker. Det gjelder også de nasjonale økumeniske rådenes samarbeid.

Nye samarbeidstiltak i Norden som Samarbeidsrådet for kristne kirker i Barents-regionen er etablert uten NØRs medvirkning. NØR har heller ikke sett seg i stand til å arbeide med urfolksspørsmål som nettopp er et viktig tema for nordisk samarbeid.

Bakgrunn. Følgende forhold har vært viktige for komiteen når den anbefaler utmelding av NØR:

Den norske kirke har gjennom Mellomkirkelig råd arbeidet for endringer internt i NØR i flere år. Saken har vært på Mellomkirkelig råds sakkart en rekke ganger, og det har vært ført samtaler med våre representanter i NØRs styre og årsmøte, med andre kirkers medlemmer i NØRs styrende organer, med sekretariatet og med representanter for våre søsterkirker i Norden. Siktemålet var lenge å omstrukturere og revitalisere organisasjonen. På møtet i mai 2001 vedtok Mellomkirkelig råd å arbeide aktivt for en styrt avvikling av NØR. Rådet vedtok også at man ville vurdere medlemskapet i organisasjonen dersom forslaget ikke fikk gjennomslag i NØRs årsmøte. Mellomkirkelig råds forslag om nedlegging falt på årsmøtet samme år. Etter en videre prosess i dialog med NØR og nordiske kirker konkluderte Mellomkirkelig råd at medlemskapet ikke bør opprettholdes.

Komiteen mener at den prosessen som har vært ført mellom NØR og Den norske kirke har vært langvarig, åpen og ryddig.

Framtidig relasjon til NØR. Den norske kirke vil opprettholde en relasjon til NØR gjennom Norges kristne råds medlemskap. Den norske kirke bør opprettholde medlemskontingenenten i NØR for 2003.

Fokus på viktige saker framfor organisasjon. Komiteen mener samarbeidet i Norden i vår tid må kjennetegnes av fokus på saker heller enn på organisasjon. Det er nå riktig å prioritere de ressursene som Den norske kirke bruker på samarbeidet i NØR – omkring NOK 250.000 årlig – til andre og mer fleksible samarbeidstiltak i Norden. Den norske kirke ønsker å være representert på alle de steder hvor kirkene i Norden samles om viktige saker. Kvinnespørsmål, urfolksspørsmål og religionsdialog er eksempler på slike temaer. Det må legges til rette for

deltakelse i nordiske konferanser og for at Den norske kirke selv tar ansvar for å arrangere slike konferanser.

KIRKEMØTETS VEDTAK:

8. Den norske kirke vil være opptatt av å utvikle det økumeniske samarbeidet i Norden også i årene som kommer. Kirkemøtet mener tiden er inne for å endre organiseringen av dette arbeidet. Nordisk økumenisk råd er etter Kirkemøtets mening ikke lenger en hensiktsmessig samarbeidsform. Den norske kirke melder seg derfor ut av Nordisk økumenisk råd. Medlemskapet skal være avviklet innen utgangen av 2003.

Kirkemøtet ber Mellomkirkelig råd – blant annet i samarbeid med Norges kristne råd – om å planlegge nye tiltak for å vitalisere og styrke det nordiske økumeniske samarbeidet. Videre bes Mellomkirkelig råd om å legge fram en rapport om økumenisk samarbeid i Norden på Kirkemøtet i 2005.